

## Innkalling til møte i Styringsgruppen for lektorutdanningen Møte 3 2024

Tidspunkt: 1. oktober 2024, kl. 11.00-13.00  
Møtested: Lektorsenteret, Christies gate 20

### Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra møtet 25. april 2024

Protokollen er sendt ut.

### Orienteringssaker

Sak 16/24 [Opptakstall og rekruttering](#)

Notat fra lektorsenteret

Sak 17/24 [Status implementering av ny studiemodell](#)

Notat fra lektorsenteret

Sak 18/24 **Kompetansetilbud til skoler i Vestland - tiltak knyttet til fagfornyelsen**

Muntlig orientering

Sak 19/24 [Høring om nasjonale retningslinjer for 5LU og PPU](#)

Notat fra lektorsenteret

Sak 20/24 **Stilling som faglig praksiskoordinator**

Muntlig orientering

Sak 21/24 [Jubileumskonferanse 14. november](#)

Notat fra lektorsenteret

Sak 22/24 [Status arbeid med etter- og videreutdanning for skolen](#)

Notat fra lektorsenteret

### Vedtakssak

Sak 23/24 [Endringer i forskrift om rammeplan for PPU](#)

Notat fra lektorsenteret

Sak 24/24 **Eventuelt**

**Sak 16/24**

**Opptakstall og rekruttering**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 1. oktober 2024

ephorte: 24/28

### Opptakstal

Tala viser at tal på kvalifiserte søkarar og studentar som har møtt til både femårig lektorutdanning (5LU) og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), samla sett, har gått ned frå i fjor.

#### 5LU

- For lektorprogrammet i framandspråk har engelsk rimeleg gode søknads- og opptakstal i tillegg til at både fransk og spansk har hatt ein liten auke i søknads- og opptakstal frå i fjor. Samla sett fyller programmet i framandspråk studieplassane sine.
- For lektorprogrammet ved AHKR har det vore ein auke i søknads- og opptakstal til religionsvitenskap og tilbakegang for historie. Historie er likevel faget med flest registrerte studentar av alle faga på 5LU og har 16 fleire registrerte studentar enn studieplassar.
- Lektorprogrammet i nordisk har berre 12 nye studentar i 2024 og fyller såleis under halvparten av studieplassane sine.
- Lektorprogrammet ved MN har rekrutteringsutfordringar med 14 færre registrerte studentar enn i fjor. Dei fyller vel halvparten av studieplassane til programmet.
- Lektorprogrammet i sosiologi har sidan oppstart hatt gode søknads- og opptakstal og har 6 fleire registrerte studentar enn studieplassar.

**Tabellen under** viser informasjon om tal på studieplassar, søkarar og møtte studentar på alle 5LU-programma og PPU ved UiB dei siste fire åra. Tabellen viser ikkje informasjon om ev. ventelister.

Studie-program	Studieplassar				Kval. førsteprisøkarar				Tilbod				Møtt			
	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
LUHF	134	134	118	118	140	186	130	118	227	243	192	200	126	139	111	108
LUHF, engelsk	24	24	24	24	39	61	36	25	59	75	55	52	31	48	32	30
LUHF, fransk	4	4	4	4	1	1	1	3	2	2	1	5	1	1	1	3
LUHF, spansk	10	10	7	7	9	7	3	6	14	11	8	7	10	7	3	5
LUHF, tysk	4	4	4	4	3	1	2	2	5	5	2	2	5	1	2	2
LUHF, historie	28	28	28	28	49	85	68	56	55	76	91	101	29	38	50	44
LUHF, rel.vit	25	25	22	22	10	12	6	12	42	46	16	16	19	22	10	12
LUHF, nordisk	39	39	29	29	29	19	14	14	50	28	19	17	31	22	13	12
LUMN	40	40	40	40	40	44	34	30	51	63	52	37	31	35	38	22
LUSV	17	17	17	17	98	74	41	51	61	40	47	38	37	25	22	23
5LU total	191	191	175	175	278	304	205	199	339	346	291	275	194	199	171	153
PPU total	189	143	112	91	218	174	111	110	320	252	179	156	114	81	61	60*

Tala i kolonnane for tilbod og møtt synleggjer ein praksis med, til dels kraftig, overbooking til enkeltfag.

## PPU

- Ved PPU har mange av didaktikkfaga som hadde nedgang i fjor fått ein auke i tal på registrerte studentar i år; filosofi, fransk, fysikk, historie, matematikk, norsk som andrespråk, religionsvitenskap, samfunnskunnskap og tysk. Størst er auken for samfunnskunnskap med 5 fleire studentar enn i fjor.
- Didaktikkfaga biologi, engelsk, norsk, psykologi og spansk har nedgang i registrerte studentar frå i fjor. Nedgangen er størst for engelsk med totalt 4 registrerte studentar, 6 færre enn i fjor.
- Samfunnskunnskap og historie er didaktikkfaga med flest studentar med høvesvis 13 og 12 registrerte studentar.
- Ingen møtte i faga biologi og spansk.
- Geofag hadde sitt siste opptak i 2022 medan didaktikktilbodet i geografi, IT-fag og medievitenskap vart lagt ned i 2021.

**Tabellen under** viser informasjon om tal på søkarar og registrerte studentar på PPU, fordelt på fag, dei siste fire åra.

PPU - opptaksprogram	Kvalifiserte førstegongssøkjjarar				Tilbod				Møtt			
	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
Biologi (tofagsmod.)	8	4	6	3	10	6	8	3	3	1	5	0
Engelsk	12	17	12	13	17	24	22	12	4	12	10	4
Filosofi (tofagsmod.)	5	6	4	4	9	9	6	4	4	4	3	4
Fransk	2	2	2	2	3	4	2	2	1	1	0	1
Fysikk (tofagsmod.)	7	5	1	5	9	9	3	5	5	1	0	2
Geofag (kun tofagsmod.)	5	0			10	1			3	0		
Geografi (tofagsmod.)	1				3				1			
Historie	30	33	23	29	42	43	30	29	16	18	11	12
IT-fag (tofagsmod.)	0				0				0			
Kjemi (tofagsmod.)	12	3	3	5	15	5	6	5	7	1	3	3
Matematikk (tofagsmod.)	18	11	2	6	29	16	4	6	11	4	1	3
Medievit. (tofagsmod.)	0				4				1			
Naturfagkomb. (tofagsmod.)	0	0	2	6	15	6	9	5	7	2	5	2
Norsk	13	14	9	7	15	16	12	6	6	5	5	5
Norsk som andrespråk	2	3	1	2	2	5	1	2	2	1	0	2
Psykologi	35	23	16	18	39	29	23	10	10	7	6	3
Rel.vit. (tofagsmod.)	2	2	1	11	12	17	8	8	8	9	3	4
Samfunnskunnskap	53	39	24	44	69	50	38	16	16	11	8	13
Spansk	8	6	3	3	11	8	4	2	6	3	1	0
Tysk	5	3	2	3	6	4	3	3	3	1	0	2
<b>Total</b>	<b>218</b>	<b>171</b>	<b>111</b>	<b>110</b>	<b>320</b>	<b>252</b>	<b>179</b>	<b>156</b>	<b>114</b>	<b>81</b>	<b>61</b>	<b>60*</b>

\* PPU-tala inkluderer alle fag/søknadsalternativ dei har takka ja til = både eitt og to fag. Det reelle talet på registrerte studentar er 40.

## Rekruttering

### Studentambassadør

Lektorsenteret har fått etablert studentambassadør i 12 % stilling som ei fast ordning ved lektorsenteret. Studentambassadøren inngår i Kommunikasjonsavdelinga (KA) sitt team av

studentambassadører og får opplæring og oppfølging av KA. Emilie Kampen Kolberg har jobba som studentambassadør sidan stillinga blei oppretta i juni 2023. Ho vart ferdig utdanna lektor i juni 2024 og Karen Bauge overtek stillinga i månadsskifte august - september 2024. Karen går 5. året på lektorprogrammet i nordisk, med sosiologi som fag 2.

### Samarbeid med fakulteta

I tillegg til samarbeidet med KA vert rekrutteringsarbeidet i lektorutdanninga gjennomført i dialog og samarbeid med fakulteta og deler av rekrutteringsmidlane vil kunne disponere til tiltak som vert gjennomført i samarbeid mellom lektorsenteret og fakulteta.

### Hovudkampanje 2024

#### 5LU

I samarbeid med kommunikasjonsmedarbeidarar frå fakulteta og KA var det semje om å bruke studentambassadøren sin kunnskap og kompetanse inn i rekrutteringstiltaka for 2024, framfor eit rekrutteringsbyrå.

Dette resulterte i totalt 12 kampanjar som vart fordelt på Instagram, Snapchat og TikTok, og 4 ulike annonser/videoar i perioden februar – midten av april. Ut i frå visingstala og klikk på uib.no si landingsside hadde kampanjen ein stoppefekt på 23%, som KA melder er svært bra.

Tema/innhald i kampanjane har bl.a. vore fordelar med lektorstudiet ved UiB, «*Hvorfor lektor*» og praksis.

#### PPU

I år hadde PPU informasjonsmøte som også inkluderte bachelor-studentar. Oppmøte var på ca. 30 studentar, mot ca. 10 året før. Tanken bak å invitere bachelorstudentar er å informere tidleg om moglegheitene som finst om ein vel å halde fram med master.

I samarbeid med KA vart det også arrangert «take over» på sosiale media, kor ein fekk fylgje ein PPU-student gjennom ein studiedag med praksis.

### Framover mot neste rekrutteringsperiode

Som tala ovanfor viser, er det ulike rekrutteringsutfordringar for ulike program og fag i lektorutdanninga. Det er primært lektorprogram med fordjuping i nordisk, matematikk/naturfag og "mindre" framandspråk som har rekrutteringsproblem, medan fag som historie og samfunnsfag ikkje har rekrutteringsutfordringar. (Dette er også i samsvar med nasjonale trendar, dvs. at dei faga det er størst lærarbehov for i skulen, har færrest studentar.) Det kan såleis vere aktuelt å ha eit særleg fokus på nokre fag eller program i rekrutteringsarbeidet. Samtidig har det vore ei vurdering at det å gå ut breitt, er ein generell fordel.

Lektorsenteret har hatt sitt første møte med den nye studentambassadøren og KA, som presenterte planane for hausten med mykje spennande og gjennomtenkt innhald. Lektorsenteret vil og halde fram med samarbeidet med KA og fakulteta, og vil kalle inn til eit møte i sept./okt. for å drøfte tiltak og strategiar for neste søknadsperiode.

**Sak 17/24**

**Status implementering av ny studiemodell**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**

**Møte: 1. oktober 2024**

ephorte: 24/28

### Innføring av ny studiemodell

Ny studiemodell er iverksatt for kull 2024. Dette innebærer at UiBs femårige lektorutdanning vil ha to parallelle studieløp, hhv. «ny modell» fra og med kull 2024, og «gammel modell» for kullene til og med 2023, frem til 2028. Ny studiemodell er lagt ved saken.

Implementeringsfasen vil kreve tilpasninger av individuelle studieløp for studenter som har startet på «gammel modell», men av ulike grunner har pauser eller blir forsinket i studiet. Det vil også kreve overgangsordninger for disiplinfagene dersom emner utgår og erstattes av nye. Tilpasningene håndteres i oppfølgingen av studentene ved det enkelte fakultet/institutt, mens tilpasninger som gjelder praksisemner håndteres av lektorsenteret. Tilpasninger og overgangsordninger vil også bli drøftet i lektorutdanningsadministrasjonen (LUA) for å sikre lik behandling mellom fakultet og lektorprogram.

### Utvikling av kampuspraksisdager

I ny studiemodell inngår det 10 kampuspraksisdager (KP-dager), som en del av de 100 obligatoriske praksisdagene. Dagene skal være praksisnære og relevante for praksis, og de skal gi et utbytte utover det studentene tilegner seg i ordinær praksis. KP-dagene er fordelt ut gjennom hele studieløpet, fortrinnsvis i semester uten praksisperioder.

Siden KP-dagene inngår i praksisordningen i utdanningen, ligger det overordnede faglige ansvaret for dagene i felles programstyre for lektorutdanningen, mens det faglige ansvaret for de enkelte dagene er fordelt mellom ulike fagmiljøer.

*Tabell: Fordeling av faglig ansvar for kampuspraksisdagene:*

Emnekode	Emnetittel	Semester	Faglig ansvar
KPDAG1	<i>Mobbing</i>	2	PF (IPED)
KPDAG2	<i>Ungdomskultur: identitetar og utfordringar</i>	2	HF (IF/LLE)
KPDAG3	<i>Digitale verktøy i skulen</i>	4	MN
KPDAG4	<i>Kontroversielle tema</i>	4	HF (AHKR)
KPDAG5-MN	Kampuspraksisdag 5 for realister	5	MN
KPDAG5-HF/SV	Forarbeid fag 1	5	Fakulteta (fagdidaktikkmiljøa)
KPDAG6	<i>Kontaktlærarrolla</i>	7	PF (IPED)/ Lektorsenteret
KPDAG7	<i>Skulens hjelpeapparat</i>	7	PF (IPED)/ Lektorsenteret
KPDAG8-MN	Kampuspraksisdag 8 for realister: Undervisning for bærekraftig utvikling	8	MN
KPDAG8-HF/SV	Forarbeid fag 2	8	Fakulteta (didaktikkmiljøa)
KPDAG9	<i>Den lærande læraren 1</i>	10	Lektorsenteret
KPDAG10	<i>Den lærande læraren 2</i>	10	Lektorsenteret

Lektorsenteret lyste i vår ut kr. 300 000,- i såkornmidler til aktiviteter som bidrar til at redesign av lektorutdanningen og styrker praksis og samarbeidet med praksisfeltet. Tiltak knyttet til utvikling av KP-dager var prioritert i utlysningen. Tre av søknadene som kom inn handlet om utvikling av KP-dager (KPDAG2, KPDAG3 og KPDAG4), og har fått tildelt kr 61 000,- hver.

Fagmiljøene hadde frist til 30.08.24 for å utvikle skisse for faglig innhold og organisering av kampuspraksisdagene.

Lektorsenteret har mottatt planer for:

- KP-dag 1: *Mobbing*
- KP-dag 2: *Ungdomskultur: identitetar og utfordringar*
- KP-dag 3: *Digitale verktøy i skulen*
- KP-dag 4: *Kontroversielle tema*
- KP-dag 5 og KP-dag 8 for lektorprogrammet i matematikk og naturfag

Skissene ble drøftet i felles programstyre 11.09.24 med fokus på praksisrelevans og ressursbehov. Det kom fram at det er behov for å avklare felles tidsramme for dagene, fellessatser for honorering og at det faglige innholdet i noen av dagene ikke er godt nok forankret i emnebeskrivelsene som er vedtatt. KP-dagene vil også bli drøftet i praksisutvalget 24.09.24. Lektorsenteret vil følge opp det videre arbeidet opp mot fagmiljøene bl.a. ved å utarbeide et skjema for KP-dagene med faste kriterier for innhold, honorering, timetall, lenker til emneplaner m.m. I tillegg har LUA utarbeidet en rutinebeskrivelse for arbeidsdeling og oppgaver for å få driften av kampuspraksisdagene inn i et godt system fra starten av.

De øvrige dagene er det ikke utarbeidet planer for enda. Kampuspraksisdagene som er tilknyttet lektorsenteret, enten helt eller delvis, har ikke kunnet bli utviklet til fristen 30. august, da de faglige ressursene ved senteret har vært svært redusert i perioden april - august. Vi vil derfor måtte komme tilbake til utviklingen av disse dagene. Dette gjelder KP-dag 6, 7, 9 og 10. Disse dagen skal uansett ikke gjennomføres før høsten 2027. For KP-dag 5 og 8 for HF og SV vil lektorsenteret ta initiativ til en prosess for planleggingen av disse.

### [Koordinering i implementeringsfasen 2024 - 2028](#)

Lektorsenteret vil invitere til semestervise evalueringsmøter i prosjektgruppen for redesignprosjektet underveis i implementeringsfasen. Prosjektgruppen bør dessuten vurdere behovet for en eventuell samling av miljøene i lektorutdanningen for å ta opp aktuelle spørsmål knyttet til implementeringen.

Programledelsen på det enkelte lektorprogram vil også være en svært viktig aktør for at implementeringen av ny modell skal bli vellykket og lektorsenteret vil ta initiativ til fellesmøter med programledelsen.

Lektorsenteret ønsker også å bidra til fortløpende evalueringer av nye profesjonsemner, etter hvert som de gjennomføres. I første omgang gjelder dette PEDA130 (som har første praksisperiode innlemmet i emnet), KPDAG1 og KPDAG2. På denne måten vil man kunne sikre helhet og sammenheng og en godt integrert praksisordning i studieløpet.



**VEDLEGG: NY STUDIEMODELL FOR LEKTORUTDANNINGA VED UIB**

Semester	Emne						Fellesemne		
	MN			HF/SV			Pedagogikk	Praksis	
5.studieår									
10.	Masteroppg. (30 sp.)			Masteroppg. (30 sp.)					KPDAG9 KPDAG10
9.	Disiplinfag (30sp)			Masteroppg. (15 eller 30 sp.)	<i>Ev. master- oppg.-kurs (0 el 15 sp.)</i>				
4.studieår									
8.		Fagdidaktikk (10 sp.)	Fagdidaktikk (10 sp.)	Lektortilpassa emne 2 (10 sp.)		Fagdidaktikk fag 1 (10 sp.)	Pedagogikk (10 sp.)	35 dg.	KPDAG8
7.	Disiplinfag (30 sp.)			Fag 1 (30 sp.)					KPDAG6 KPDAG7
3. studieår									
6.	Disiplinfag (30 sp.)			Fag 1 (20 sp.)	Fag 2 (10 sp.)				
5.		Ex.phil (10 sp.)	Fagdidaktikk (10 sp.)	Lektortilpassa emne 1 (10 sp.)		Fagdidaktikk fag 2 (10 sp.)	Pedagogikk (10 sp.)	35 dg.	KPDAG5
2. studieår									
4.	Disiplinfag (30 sp.)				Fag 2 (30 sp.)				KPDAG3 KPDAG4
3.	Disiplinfag (20 sp.)		Fagdidaktikk (10 sp.)		Fag 2 (20 sp.)	Fagdidaktikk fag 1 (10 sp.)		10 dg.	
1. studieår									
2.	Disiplinfag (30 sp.)			Fag 1 (30 sp.)					KPDAG1 KPDAG2
1.	Disiplinfag (20 sp.)			Fag 1 (10 sp.)	Exphil (10 sp.)		Pedagogikk (10 sp.)	10 dg.	

**Sak 19/24      Høring om nasjonale retningslinjer for 5LU  
og PPU**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**

**Møte: 1. oktober 2024**

ephorte: 24/28

---

### Bakgrunn

Universitets- og høgskolerådet (UHR) ved UHR-Lærarutdanning sendte 15.08.24 ut ei høyring om forslag til nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8-13 og nasjonale retningslinjer for PPU.

UHR-Lærarutdanning har gjennom sine ulike fagorgan frå 2014 hatt ansvar for å revidere og utvikle nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane i Norge. Nasjonale retningslinjer skal gi forpliktande kvalitetsstandardar for god lærarutdanning og skal reviderast i tråd med kunnskapsfeltet si utvikling. Retningslinjene skal bidra til å utvikle lektorutdanninga som profesjonsutdanning, til fagleg utvikling, og til å styrkje kvalitet, heilskap og samanheng i lærarutdanningane.

Dagens rammeplanar viser til at det skal utarbeidast nasjonale retningslinjer, men spesifiserer ikkje innhald og form i retningslinjene, anna enn å vise til at rammeplanar og retningslinjer skal vere utgangspunkt for institusjonane sitt arbeid med studieplanar. Såleis ser vi relativt ulike utformingar av nasjonale retningslinjer for ulike typar lærarutdanning. Dei retningslinjene som gjeld for GLU 1–7 og GLU 5–10 er langt meir omfangsrike (over 70 sider), meir detaljerte, bl.a. på læringsutbytteneivået, og er skrivne i ei relativt instruerande form. Dette skuldast nok ulike tradisjonar for styring ved ulike utdanningar og institusjonar. Framlegg til nye nasjonale retningslinjer for lektorutdanning og PPU vidarefører og forsterkar den meir tolkande og autonomi-orienterte tilnæringsmåten som er knytt til universitet og lektorutdanninga. Samtidig vil tolkingar gi føringar, og nye tolkingar av omgrep og av fag kan ha ein styrande funksjon – dersom retningslinjene blir brukte. Det må i den samanhengen presiserast at nasjonale retningslinjer ikkje har forskriftsfunksjon slik rammeplanen har.

UiB var representert i arbeidsgruppa for utforming av PPU-retningslinjer i den første fasen. Seinare har ein kunne kome med innspel gjennom ulike møte i nasjonale fagorgan for lektorutdanning og for PPU, både gjennom digitale og fysiske møte, gjennom e-post og gjennom Teams-gruppe.

### Høyringsdokument

- [Forslag til nasjonale retningslinjer for lektorutdanning trinn 8-13](#)
- [Forslag til nasjonale retningslinjer for PPU](#)

Ytterligere informasjon om høringen er å finne på [UHR sine nettsider](#).

### Om framlegg til retningslinjer

Retningslinjene er korta ned og fokuserer på sentrale omgrep, prinsipp og reglar som er formulerte i rammeplanen. Forslaga til retningslinjer legg vekt på å vise fram institusjonane sitt handlingsrom innanfor rammeplanen sine formuleringar. Arbeidet med retningslinjene har vore styrt etter prinsippet om mest mogleg konsensus.

### Høyringa ynskjer særleg svar på:

1. *Er det en god balanse mellom nasjonal koordinering og hensyn til institusjonelt handlingsrom og lokale løysningar?*

2. *Hvordan fungerer retningslinjene som støtte for nyskaping og lokalt eierskap i programmene ved lærerutdanningsinstitusjonene?*
3. *Hvordan fungerer retningslinjene som standarder for kvalitet i lærerutdanningene, særlig med henblikk på kvalitet i ulike typer studietilbud (campusbasert, fleksibel, desentralisert og nettbasert)?*

#### Saksgang

Høyringa er sendt ut til fakulteta med frist for innspel 13. september og kor det er kome inn eitt innspel frå Det psykologiske fakultet. Høyringa er og drøfta i felles programstyre 11. september. På bakgrunn av innspel frå fakulteta og felles programstyre vil lektorsenteret utarbeide eit utkast til høyringssvar. Universitetsleiinga godkjenner eit høyringssvar som blir sendt til UHR innan 30.09.24.

**Sak 21/24      Jubileumskonferanse 14. november**  
Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 1. oktober 2024**

ephorte: 24/28

---

### Jubileumskonferanse

14. november blir det arrangert ein jubileumskonferanse for lektorutdanninga. Konferansen er eit samarbeid mellom lektorsenteret og Det humanistiske fakultet og kombinerer den årlege forskingsdagen og markering av lektorutdanninga sitt 20 års jubileum.

I invitasjon, som er sendt til både interne og eksterne tilsette i lektorutdanninga og alle lektorstudentane, står det blant anna:

*Universitetet i Bergen har i 2024 hatt integrerte lektorprogram i 20 år. Gjennom lektorprogramma har UiB fått ei tydelegare og meir forpliktande rolle som lærarutdanningsinstitusjon. Samtidig er det mange ulike forventingar til lektorutdanninga, bl.a. til sterkare partnerskap med praksisfeltet, til fagleg kvalitet, til profesjonsrelevans og til danning. På dagskonferansen vil vi setje fokus på strategiske utfordringar for lektorutdanninga i spenninga mellom fag, profesjon og praksis.*

*Vi vil får innlegg bl.a. frå professor Fredrik Thue (om lektorutdanning som universitetsutdanning), professor Sølvi Mausethagen (om partnerskap og styring i lærarutdanningane) og frå UNIO sin leiar Ragnhild Lied (om lærarrolla i framtidens skule). Det vil òg vere kommentarar og paneldiskusjon om aktuelle spørsmål, i tillegg til god lunsj i fine lokale, saman med hyggelege folk.*

Konferansen er eit heildagsarrangement og skal finne stad i Storsalen i Nygårdsgaten 5.

Alt ligg til rette for at det blir eit flott arrangement.

**Sak 22/24      Status arbeid med etter- og videreutdanning  
for skolen**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**

**Møte: 1. oktober 2024**

ephorte: 24/28

---

### Dokumenter i saken:

- Program for halvdagsseminar om etter- og videreutdanning for skolen 19. april (vedlegg 1)
- Oppgaver til gruppearbeid (vedlegg 2)
- Oppsummering fra gruppearbeid (vedlegg 3)

Styringsgruppen ble på møtet 21.02.2024 orientert om det pågående arbeidet med å utvikle og implementere et nytt helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling for barnehage og skole i etterkant av [NOU 2022:13 Med videre betydning](#).

### Halvdagsseminar om etter- og videreutdanning for skolen

Saken i styringsgruppen ble fulgt opp med et halvdagsseminar 19. april der en viktig målsetting var å informere bredere i organisasjonen om varslede endringer og drøfte muligheter og retning på arbeidet fremover. Målgruppen for seminaret var særlig faglig og administrativ ledelse.

Seminaret hadde over 30 deltakere, og både faglig og administrativ ledelse var til stede, i tillegg til representanter fra fagmiljø og administrative støttefunksjoner på fakultet, institutt og studieavdelingen.

Seminaret hadde fokus på fagporteføljer knyttet til videreutdanning for skolen og tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling i skolen (desentralisert kompetanseutvikling i skolen (dekomp) og Kompetanseløftet). Dette handler om status for dagens skolerettede EVU-ordninger, men òg om fremtiden: En viktig målsetting var å forberede UiB på kommende endringer og sammen drøfte muligheter og rammer i et nytt EVU-landskap.

På seminaret 19. april satte vi også av tid til gruppearbeid for å drøfte hva som bør være UiBs profil for etter- og videreutdanning rettet mot skolen, hvilke muligheter det nye helhetlige kompetanseutviklingssystemet kan ha, og også hvilken støtte fagmiljøene trenger fra UiB Videre og lektorsenteret. Innspillene i gruppearbeidet ble skriftliggjort via padlet.

### Oppsummering av innspill: UiBs profil for etter- og videreutdanning for skolen

Tilbakemeldingene fra deltakerne var at etter- og videreutdanning for skolen, i likhet med det øvrige utdanningstilbudet, må reflektere UiBs verdier og strategi. Videre mente de at UiB må etterstrebe EVU-tilbud som er forskningsbaserte og av høy faglig kvalitet. EVU-tilbudene må samtidig være relevante for målgruppene, og det er derfor viktig å etablere partnerskap slik at aktører fra praksisfeltet (skoleeiere, skoleledere og lærere) er med og bidrar til å definere hva som er relevante kompetansetilbud/EVU. Deltakerne mente også at partnerskap som ramme for EVU-arbeidet gir større forutsigbarhet og muligheten til mer langsiktighet i planleggingen.



## Oppsummering av innspill: muligheter for videreutdanningstilbud i det nye systemet for kompetanseutvikling

I gruppearbeidet kom det frem et ønske om i så stor grad som mulig å videreføre den porteføljen som UiB allerede tilbyr gjennom *Kompetanse for kvalitet* (årskurs i norsk, engelsk, matematikk, fremmedspråk og veilederutdanning). Samtidig var det forståelse for at UiB må ha videreutdanningstilbud som har et godt rekrutteringsgrunnlag, og at det også vil være nødvendig å legge til rette for fleksibilitet i porteføljen av videreutdanningstilbud for å sikre relevans i forhold til endrede behov i skolen.

## Oppsummering av innspill: hvilken støtte trenger fagmiljøene fra lektorsenteret og UiB videre

Når det gjelder rollen til lektorsenteret og UiB videre, handlet innspillene om et større behov for god koordinering for å sikre at UiB har en helhetlig tilnærming til samarbeidet med skoleeiere og skoler om det nye systemet for kompetanseutvikling i skolen. Det er behov for å ha ett kontaktpunkt og også sikre at det etableres gode strukturer og møtepunkt for å følge opp partnerskap med kommuner og fylkeskommuner. Lektorsenteret og UiB Videre vil også kunne bidra til en institusjonell forankring av EVU og sikre at dette feltet forankres godt i ledelse og styringsgruppe. God markedsføring av tilbud og kompetansemiljøer og det å kunne rådgi og støtte til fagmiljøene ved utvikling av nye tilbud er andre oppgaver som ble nevnt.

## Videre oppfølging av etter- og videreutdanning for skolen

Lektorsenteret og UiB Videre deler oppfatningen om at innføringen av det nye helhetlige systemet for kompetanseutvikling i skolen forutsetter et tettere samarbeid internt ved UiB omkring evu-tilbud for skolen. Lektorsenteret og UiB Videre støtter også innspillene fra seminaret om at samarbeidspartnere trenger ett tydelig kontaktpunkt ved UiB for dialog omkring kompetanseutviklingsbehov for skolesektoren, som igjen må ha i oppgave å koordinere informasjon og strategiske beslutninger internt ved UiB. Med dagens organisering av lektorutdanningen ved UiB er lektorsenteret, sentralt ved UiB, et naturlig kontaktpunkt for samarbeidspartnere.

Lektorsenteret er også sekretariat for styringsgruppe og felles programstyre i lektorutdanningen, og kan støtte disse i det strategiske arbeidet med UiBs kompetansetilbud (videreutdanning og decomp/kompetanseløftet) rettet mot skolen.

Lektorsenteret og UiB Videre må ha tett kontakt i oppfølgingen av fagmiljøenes behov, da støttefunksjoner til utvikling, markedsføring og opptak ligger ved UiB videre.

I det nye systemet for kompetanseutvikling i skolen er forslaget at samarbeidet foregår innenfor etablerte partnerskap. Partnerskap brukes NOUen som en samlebetegnelse for på forskjellige måter å organisere samarbeidet mellom lærerutdanning og skoleeier. Partnerskap blir slik rammen rundt samarbeidet flere felt, som kvalitetsutvikling i lærerutdanningene, praksis- og universitetsskolesamarbeid, og kompetanseutvikling for lærere både i skolebaserte utviklingsprosjekt (decomp/kompetanseløftet) og videreutdanningstilbud for den enkelte. Når partnerskapsstrukturen ligger til grunn, blir kontakten på institusjonsnivået mellom UiB og samarbeidspartnerne en viktig forutsetning.

## Overgang til nytt helhetlig system for kompetanseutvikling i barnehage og skole

26. august sendte Kunnskapsdepartementet ut den første formelle informasjonen om omleggingen av ordningen for kompetanseutvikling for lærere i barnehage og grunnskoleopplæring fra høsten 2025.

Fra og med studieåret 2025–2026 planlegger Kunnskapsdepartementet å utvikle bruken av anbudskonkurranser gjennom Utdanningsdirektoratet for å bestemme hvilke studietilbud som blir utviklet og tilbudt som videreutdanning (unntak er styrer- og rektorutdanning). Som tidligere varslet vil universiteter og høyskoler i stedet motta øremerkede bevilgninger i det årlige tildelingsbrevet for å utvikle og tilby videreutdanning rettet mot barnehage og grunnskoleopplæring.

Kunnskapsdepartementet varsler i brevet at de i dialog med Universitets- og høyskolerådet – Lærerutdanning (UHR-LU) vil utarbeide detaljer om hvordan midlene skal fordeles mellom institusjonene, og eventuelle føringer knyttet til disse midlene. I et møte med UHR-LUs arbeidsutvalg 4. september presenterte Kunnskapsdepartementet ulike alternativer for fordeling av midler i 2025-26. UHR-LUs arbeidsutvalg gikk inn for et alternativ der den eksisterende fordelingen mellom institusjonene i hovedsak videreføres i 2025-26, men med noen mindre justeringer.

Andre endringer er at Studiekatalogen i Utdanningsdirektoratet utvikles.

Videreutdanningstilbud vil heretter måtte markedsføres og synliggjøres av universitetene og høyskolene selv. Lærere som vil delta på videreutdanningstilbud vil fra studieåret 2025–2026 søke opptak til studietilbud direkte til universitetet eller høyskolen.

2024-25 vil være et overgangsår, og større endringer i finansieringen vil først kunne tre i kraft fra høsten 2026. Når det gjelder endringer i Tilskudsordningen for lokal kompetanseutvikling i grunnskoleopplæringen (desentralisert kompetanseutvikling skole (dekomp) og kompetanseløftet) ser det ut til at disse først kommer i 2026.

Styringsgruppen for lektorutdanningen har et hovedansvar i arbeidet med den faglig-strategiske planleggingen og oppfølgingen av UiBs kompetanseutvikling for skolesektoren, og vil være en sentral aktør i å rådgive UiBs ledelse om modell og premisser for fordelingen av den øremerkete tildelingen til videreutdanning i UiBs budsjett.

## Etter- og videreutdanning for skolesektoren

### Faglig-strategiske mål og muligheter for UiB

Tid: 19. april 2024, kl. 12-15

Sted: Presserommet, 1. etg. Media City Bergen. Første etasje inn til venstre ved hovedinngangen.

#### PROGRAM

12.00	Ankomst Servering av lunsjbaguetter og kaffe.
12.15	Velkommen, ved prorektor Pinar Heggernes
12.20	Innledning: Program og premisser for seminaret, v/Endre Brunstad, faglig leder for lektorsenteret
12.25	Status ved UiB: Hva har vi av evu rettet mot skolen i dag? Tall og fakta om skolerettet videreutdanning og tilskuddsordningen, ved Bo Byrkjeland og Ranveig Lote.
13.00	Presentasjon av nytt helhetlig system for kompetanseutvikling for skole og barnehage - Hva kommer, hva vet vi, hva vet vi ikke per nå. Ved Endre Brunstad.  Spørsmål og drøftinger i plenum.
13.45	Pause
14.00	Gruppearbeid  Aktuelle stikkord: - UiBs profil for etter- og videreutdanning rettet mot skolen - strategier og muligheter med det nye kompetanseutviklingssystemet - hvilken støtte trenger fagmiljøene fra UiB Videre og lektorsenteret

## Etter- og videreutdanning for skolesektoren Faglig-strategiske mål og muligheter for UiB

**Tid:** 19. april 2024, kl. 12-15

**Sted:** Presserommet, 1. etg. Media City Bergen. Første etasje inn til venstre ved hovedinngangen.

### Gruppearbeid 14.00-15.00

Hver gruppe har en skriveansvarlig (merket med rød skrift i gruppe-oversikten).

Denne har ansvar for å notere ned gruppens innspill i padlet (lenke).

### Spørsmål til gruppearbeidet

- 1) List opp tre punkt som bør inngå i UiB sin profil for etter- og videreutdanning ved skolene?
- 2) Hvilke muligheter ser dere med et nytt kompetanseutviklingsystem?
  - a) Hva bør videreføres?
  - b) Konkrete ideer til nye tilbud?
- 3) Hvilken støtte trenger fagmiljøene fra UiB Videre og lektorsenteret?

## **Halvdagssamling om etter- og videreutdanning for skolen**

### **Oppsummering fra gruppearbeid**

Sted: Media City Bergen. Dato: 19. april 2024.

#### **1) List opp tre punkt som bør inngå i UiB sin profil for etter- og videreutdanning ved skolene**

Følgende punkt er trukket frem av de fleste gruppene som viktige for UiBs profil:

- UiB skal tilby EVU-tilbud som er forskningsbasert
- UiB skal tilby EVU-tilbud av høy faglig kvalitet, kjennetegnet av faglig tyngde og faglig fordyping
- EVU-tilbudet skal være relevant, fleksibelt og lettforståelig.

I gruppearbeidet utfordres selv premissene for spørsmålet: Handler «profil» om markedsføring eller om hva UiB bør satse på? Innspillene i gruppene viser imidlertid at disse to aspektene ses sammenheng når det er snakk om profil.

#### **2) Hvilke muligheter ser dere med et nytt kompetanseutviklingsystem?**

##### **a. Hva bør videreføres?**

UiB bør ha et videreutdanningstilbud og fortsatt kunne tilby årsstudium i sentrale undervisningsfag: norsk, matematikk, engelsk, norsk som andrespråk (kfk-portefølgen). Også veilederutdanningen bør opprettholdes og videreutvikles, også med tanke på forslaget om nye karriereveier og der dette kan inngå som en modul.

Andre konkrete forslag:

- Utvikle temaene på kampusdagene til EVU-moduler
- Tverrfaglige tilbud om havet, knyttet til UiB-satsing.
- Spesialpedagogikk

##### **b. Konkrete ideer til nye tilbud?**

Det kom opp flere forslag til temaer som det kan utvikles videreutdanningstilbud i:

- Utvikle en tverrfaglig paraplymaster for lærere som ønsker å spesialisere seg og der flere mindre EVU-moduler kan inngå.
- Tverrfaglige emner, for eksempel innen bærekraft og som henter moduler fra allerede eksisterende emner.
- Kunstig intelligens: KI klasserommet, KI i kulturskolen
- Programmering i skolen
- Digital kultur
- Ledelse i skolen: Veiledning, innovasjonsledelse, digital ledelse, endringsledelse, klasseledelse, læringsledelse etc
- Kreativ problemløsning
- Produksjon/utvikling av digitale verktøy/læremidler
- Styrking av språkteoretisk kompetanse

- Tilbud: Didaktiske emner for de som har nok studiepoeng, men som gjerne vil skape god undervisning

Når det gjelder utvikling og organisering av slike nye emner, ble følgende spilt inn:

- Markedsføring: Etablere en felles inngang/egen portal for EVU-tilbud, presentasjon av fagmiljøer.
- Tenke både videreutdanning som gir formell kompetanse (årsstudium, moduler) og kortere etterutdanningstilbud (faglunsjer, seminarer, frokostmøter etc) for å vise frem fagmiljøer og forskning ved UiB.
- Utvikle moduler/mindre enheter/micro credentials som kan settes sammen.
- Utvikle tverrfaglige tilbud.
- Identifisere hva UiB er særlig god på, og områder der UiB kan være en nasjonal aktør og tilbyder av EVU.
- Vurdere, basert på erfaringer, hva som vil være mest hensiktsmessig når man skal tilby EVU: heldigitale opplegg, samlinger eller begge deler?

### 3) Hvilken støtte trenger fagmiljøene fra UiB Videre og lektorsenteret?

Oppsummert er det følgende områder UiB Videre og lektorsenteret kan bistå fagmiljøer:

#### Koordinering:

- etablere modeller for samarbeid og partnerskap
- forvalte tilskuddsordninger på vegne av UiB
- forventningsavklaringer med eksterne og interne parter, skape forutsigbarhet
- Ta imot og utvikle ideer
- ha oversikt over kompetanse og ansvar i organisasjonen
- bringe fagmiljøer sammen, sikre riktig faglig kompetanse i dialog og utvikling.

#### Kontaktpunkt:

- Være kontaktpunkt for skoleeiere og lærernetverk
- Kartlegging av kompetansebehov i samarbeid med skoleeier
- Forventningsavklaringer og forutsigbarhet

#### Synliggjøring:

- Markedsføre tilbud og fagmiljøer, lage reklamefilmer, tilstedeværelse på sosiale media, gjennomføre markedsanalyser.

#### Forankring:

- Sikre at EVU og ulike tilbud er forankret i ledelse/styringsgruppe
- Avklare hvem som «eier» EVU-tilbudene: UiB eller fagmiljøene?

#### Støtte:

- Ha oversikt over økonomiske rammer som utgangspunkt for å kunne utvikle og opprette tilbud.
- Støtte og råd i utvikling av tilbud.
- Utvikle muligheter for insentivmidler.

**Sak 23/24      Endringer i forskrift om rammeplan for PPU**  
Notat fra lektorsenteret

*Vedtaks sak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**

**Møte: 1. oktober 2024**

ephorte: 24/28

---

### Bakgrunn

28. juni gjorde Kunnskapsdepartementet endringar i forskrift om rammeplan for PPU. Endringane var i samsvar med framlegg frå Kunnskapsdepartementet i høyring sendt 23. april med høyringsfrist 7. juni, og som [UiB gav høyringsinnspel på](#). Dei aktuelle endringane som er relevante for ansvarsområdet til styringsgruppa er følgjande:

#### PPU-master

Det blir opna for at utdanningsinstitusjonane kan ta opp søkjarar med relevant BA-grad til toårig integrert PPU-master. Det vil seie at masterdelen vil få ein kortare disiplin-fagleg del enn kva tilfellet er i det eksisterande studieløpet for dei som i dag tek PPU. Frå før av har det vore mogleg å ta treårig integrert PPU-master.

Det er sett i gang toårige PPU-master-utdanningar ved UiO og NMBU frå og med hausten 2024. UiO nyttar seg av emne frå eksisterande PPU, med PPU første året og masteremne andre året. Då er det den disiplin-faglege delen som er kutta med eitt år, og ein har masteroppgåver på 30 studiepoeng.

Vi følgjer med interesse dei erfaringane som blir gjort med PPU-master ved andre institusjonar, både når det gjeld rekruttering, gjennomføring, fagleg profil og evalueringar.

#### Tidsavgrensa unntak for masterkrav til PPU for dei *med arbeidserfaring*

Det blir i revidert rammeplan opna for at utdanningsinstitusjonane fram til 2030 kan ta opp søkjarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen til eittårig PPU.

UiB gav i høyringa uttrykk for at alle lærarutdanningar skal vere på masternivå, og at kravet om mastergrad for opptak til PPU bør oppretthaldast. Difor var UiB prinsipielt skeptisk til dette framlegget. Samtidig var MN-fakultetet ved UiB oppe for at tiltaket kunne vere aktuelt for realfagsundervisarar som ikkje hadde fast stilling.

Det er i forskriftsendringa spesifisert at institusjonane *kan* ta opp søkjarar på eit slikt nytt grunnlag, *dersom* ein ønskjer det. Dersom UiB vil stå fast ved sitt prinsipielle syn om masterkrav, kan ein i og for seg unngå å innføre denne endringa. Det som talar for ei justering av opptakskriteria på dette punktet no, er for det første at rammeplanendringa er gjort, dvs. at den er ein realitet, og at den blir gjennomført ved andre universitet. Det er vidare tale om ei overgangsordning, ikkje ei permanent ordning, og den vil ikkje stå i konkurranse med lektorprogramma. Eit viktig moment er vidare rekrutteringssituasjonen som tilseier at UiB utnyttar moglegheitene for å auke studenttalet ved PPU.

### Framlegg til vedtak:

Styringsgruppa stiller seg positiv til at UiB fram til 2030 kan ta opp søkjarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen til eittårig PPU. Lektorsenteret tydeleggjer kva som ligg i relevant arbeidserfaring.



**VEDLEGG: BREV FRA KUNNSKAPSDEPARTEMENTET**



**Vedlegg til brev 28. juni 2024, ref. 24/1753.**

Kunnskapsdepartementet sine merknader til endringar 28. juni 2024 i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning

**Om høyringa**

Forslaga som blei sendt på høyring 23. april var tiltak i Meld. St.19 (2023–2024), *Profesjonsnære utdanningar over heile landet*. Høyringsfristen var 7. juni.

Det var 25 høyringsinstansar som uttala seg om forslaga om PPU: Sytten universitet og høgskular, ni organisasjonar og fem representantar for styresmaktene.

Høyringa gir mest støtte til forslaga, og fleire av institusjonane vil ta opp studentar på vilkåra som er foreslått, allereie frå hausten 2024. Nokre instansar er skeptiske til den raske prosessen. I høyringa kjem det fram nye forslag som ikkje har vore høyrde og derfor ikkje kan bli tatt til følge no. Enkelte UH-institusjonar ber om at departementet presiserer nærmare korleis ein skal rstå krava. **rOm dei einskilde forslaga i høyringa r1. Master i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-master) rDepartementet foreslo: r- å opne for at institusjonane kan ta opp søkarar med relevant bachelorgrad til ein master i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-master) på minst 120 studiepoeng. Søkarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen, kan bli tekne opp til ein erfaringsbasert PPU-master på minst 90 studiepoeng. rFrå høyringa rDei fleste gir støtte til forslaget og det blir argumentert for at modellen vil styrke rekrutteringa og den profesjonsfaglege og didaktiske tilnærminga i utdanninga. Dei som er skeptiske, fryktar at endringar i PPU vil gå utover rekrutteringa til dei femårige utdanningane og rekruttering til trinn 1–4 og at ein PPU-master vil gi ein svakare masterutdanning. Det blir etterspurt ei modellskisse. Videre har det komme spørsmål om korleis ein skal forstå relevant arbeidserfaring og om erfaringa må vere opparbeidd før eller etter bachelorutdanninga. r**Kunnskapsdepartementet sine merknader****

rKunnskapsdepartementet held fast ved at det er dei femårige utdanningane som skal vere hovudvegen til å bli lærar i Noreg, og at forslaga som gjeld PPU rettar seg mot dei som allereie har opparbeidd anna utdanning og erfaring. Departementet vil ikkje gi føringar for oppbygging av modellen, men viser til minstekrava til fordjuping i PPU-forskrifta og i

masterforskrifta. Dei som ønsker ei tyngre fordjuping og lengre utdanning, til dømes ved å integrere PPU i ein toårig master over tre år, har fridom til det.

Departementet presiserer i forskrifta at det er krav om relevant arbeidserfaring frå grunnskulen eller den vidaregåande skulen. Departementet vil ikkje gi føringar for om arbeidserfaringa må vere opparbeidd før eller etter bachelorutdanninga.

## 2. Midlertidig unntak frå masterkravet for dei med arbeidserfaring

Departementet foreslo:

- å opne for at institusjonane i ein overgangsperiode fram til 2030, kan ta opp søkarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen, til praktisk-pedagogisk utdanning på 60 studiepoeng.

### *Frå høyringa*

Dei fleste instansane gir støtte til forslaget, men nokre meiner at det undergrev masterkravet. To instansar meiner at ordninga må avviklast så snart som råd. Ein instans peikar på moglegheita for overgang til masterutdanning seinare. Ein instans foreslår at det blir innført karakter C for opptak.

### **Kunnskapsdepartementet sine merknader**

Søkarane som fell inn under dette unntaket, har relevant arbeidserfaring og det kan derfor forsvarast at det ikkje blir stilt nasjonalt karakterkrav i tillegg. Forslaget om karakter C for opptak har ikkje vore på høyring og blir ikkje vurdert no. Institusjonar som ønsker det, kan stille strengare opptakskrav.

Departementet presiserer i forskrifta at det er krav om relevant arbeidserfaring frå grunnskulen eller den vidaregåande skulen. Departementet vil ikkje gi føringar for om arbeidserfaringa må vere opparbeidd før eller etter bachelorutdanninga.

## 3. Forlenging av midlertidig unntak frå masterkravet for dei med bachelor i praktiske og estetiske fag

Departementet foreslo:

- å forlengje unntaket frå krav om mastergrad for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for søkarar med bachelor i praktiske og estetiske fag, fram til 2030.

### *Frå høyringa*

Forslaget har brei semje blant instansane og enkelte meiner masterkravet bør fjernast heilt. Ein institusjon meiner at unntaket er vanskeleg å forvalte og ber om at kriteria blir endra, slik at krav om karakter C blir fjerna og krav om fordjuping i fag redusert frå 90 til 120 studiepoeng. Ein institusjon ber om at karakterkravet blir fjerna fordi universitetet ikkje lenger nyttar karaktergrense for opptak til sine masterutdanningar.

### **Kunnskapsdepartementet sine merknader**

Bakgrunnen for desse krava var opphavleg å sikre solid kompetanse hos dei som blei lærarar utan mastergrad. Dette var godt grunngjeve då vedtaket blei fatta. Endring i desse

krava har ikkje vore på høyring som kan gi institusjonane høve til å uttale seg i saka. Departementet vil ikkje endre desse krava i denne omgang.

### **Om andre innspel som kom i høyringa**

## 4. Innspel frå instansane om undervisningsfag som del av, eller i tillegg til, graden

To instansar har bedt om at departementet endrar ordlyden i § 6 noverande første og nytt andre ledd, slik at det kjem fram at undervisningsfaget som blir krevd for opptak, ikkje treng å inngå i grunnlaget for graden, så lenge søkaren har både ein grad og eit undervisningsfag i tilstrekkeleg omfang.

### **Kunnskapsdepartementet sine merknader**

Departementet har tidlegare gjort skriftleg greie for at undervisningsfaget enten kan vere ein del av graden eller vere tatt i tillegg til den. Departementet meiner at dette kan presiserast i forskrifta utan høyring, sidan institusjonane kjenner til det frå før.

#### **5. Om avgrensing av utøvande og skapande kunstfag, jf. § 3 (6) og § 6 (1)**

I PPU-forskrifta er det varige unntaket frå mastergrad for dei med bachelorutdanningar i utøvande og skapande kunstfag avgrensa til å gjelde utdanningar i finansieringskategori A og B. Nokre instansar ber om avklaring om korleis dette skal vere når endringane i finansieringssystemet trer i kraft. Departementet kjem seinare attende til korleis desse utdanningane kan avgrensast på ein betre måte.

### **Endringsforskrift**

Forskrift om endring i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 28. juni 2024 med hjemmel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-2

I forskrift 21. desember 2015 nr. 1771 om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning, gjøres følgende endringer:

I

§ 3 femte ledd (erstatter dagens femte ledd) skal lyde:

(5) Institusjonene kan tilby en integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 120 studiepoeng eller en integrert erfaringsbasert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 90 studiepoeng. For å få utferdiget vitnemål om fullført praktisk-pedagogisk utdanning, må den integrerte masterutdanningen være bestått.

§ 6 skal lyde:

#### **§ 6 Opptak**

(1) For å bli tatt opp til praktisk-pedagogisk utdanning, må søker ha

- - en mastergrad og minst ett relevant fag, i eller i tillegg til graden, som gir kompetanse til å undervise, jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14
- - en bachelorgrad og minst ett relevant fag, i eller i tillegg til graden, som gir kompetanse til å undervise, jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14, og minst to års relevant arbeidserfaring fra grunnskolen eller den videregående skolen, eller

- - en bachelorgrad i utøvende eller skapende kunstfag i finansieringskategori A eller B, med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget, eller
- - en bachelorgrad med inntil tre fag som gir kompetanse til å undervise i praktiske og/eller estetiske fag i grunnskolen. Ett av fagene kan erstattes av drama/teaterfag. Det må inngå fordypning på minst 120 studiepoeng i ett fag. Øvrige fag må ha et omfang på minst 30 studiepoeng. Det stilles krav om gjennomsnittskarakter C eller bedre fra bachelorgraden, eller
- - en bachelorgrad i tegnspråk og tolkning (døvetolkutdanning), med minst 80 studiepoeng i tegnspråk. Det stilles krav om gjennomsnittskarakter C eller bedre fra bachelorgraden.

(2) Institusjoner som tilbyr en integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 120 studiepoeng, jf. forskriften § 3, kan ta opp søkere som tilfredsstillt krav for opptak til mastergraden, til det integrerte løpet.

(3) Institusjoner som tilbyr en erfaringsbasert integrert master i praktisk-pedagogisk utdanning på minst 90 studiepoeng, jf. forskriften § 3, kan ta opp søkere som tilfredsstillt krav for opptak til mastergraden, og som har minst to års relevant arbeidserfaring fra grunnskolen eller den videregående skolen, til det integrerte løpet.

(4) Institusjoner som tilbyr praktisk-pedagogisk utdanning integrert i bachelorutdanning i utøvende eller skapende kunstfag, jf. forskriften § 3, kan ta opp søkere som tilfredsstillt krav for opptak til bachelorgraden, til det integrerte løpet.

(5) For søkere som har en bachelorgrad og arbeidserfaring etter første ledd, andre strekpunkt, eller en bachelorgrad i praktiske og estetiske fag etter første ledd, fjerde strekpunkt, kan det gis opptak til praktisk-pedagogisk utdanning siste gang til studier med oppstart våren 2030.

## II

Endringsforskrifta trer i kraft straks.